

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Mo og Øyrane vgs, avd. Øyrane, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>16.02.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:30 – 14:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Karianne Torvanger (Ap)**  
**Senea Sabanovic (Ap)**  
**Henrik Oppen (Ap)**  
**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)**  
**Anders Ryssdal (Sp)**  
**Trude Brosvik (KrF)**  
**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)**

**Forfall til møtet:**

**Ole Johnny Stubhaug (Sp)**  
**Alfred Bjørlo (V)**

**Varamedlemmer til stades:**

**Ingen vara hadde høve til å møta**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Konst. fylkesdirektør Tor-Einar H. Skinlo**  
**Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland**

**Sekretariat for møtet:**

**Teamleiar Kenth-Rune Teigen Måren**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 22.11.2016 vart godkjend utan merknader.

Munnlege orienteringar:

1. Ledig stilling som rektor ved Sogndal vgs.
2. Orientering om innføring av nytt fråværsreglement
3. Orientering om samansetting av referansegruppe for arbeidet med nytt mål- og strategiarbeid

Fylkesdirektøren ba hovudutval for opplæring om å utvide referansegruppa med ein representant frå Fagskulen i Sogn og Fjordane. Hovudutvalet gav si tilslutning til dette.

4. Ridehall ved Mo og Øyrane vgs: Det vert fremja eit notat frå fylkesrådmannen som svar på bestilling frå hovudutvalet for opplæring til neste møte i mars.

I tillegg til ordinært møte i hovudutvalet for opplæring deltok medlemmane den 15.2.17 på ein temadag om fag- og yrkesopplæringa og eit fellesmøte mellom fagopplæringsnemnda og hovudutvalet for opplæring med tema; fagopplæringsnemnda si rolle.

## **SAK 1/17      Skriv og meldingar**

### **VEDTAK:**

#### Skriv til orientering:

- 1: YSK tilbod i IKT-driftsfag ved Måløy vidaregåande skule 2018
- 2: Sogn og Fjordane sin årsrapport for forsøk med NAV-retteleiar i vidaregåande skule
- 3: Nytt inntakssystem i vidaregåande skule
- 3a: Svar - Nytt inntakssystem i vidaregåande skule
- 4: Rapportering på utprøving av vekslingsmodellar hausten 2016
- 4a: Rapportmal v17
- 4b: Oversikt vekslingsmodell A
- 4c: Oversikt vekslingsmodell B
- 4d: Oversikt vekslingsmodell C
- 4e: Framdriftsplan skuleåret 2016-17
- 4f: Vekslingsmodellane BA ved Stryn vidaregåande skule
- 5: Rapport skulebesøka 2016
- 6: Svar - Høyring om endringar i opplæringslova - Direkte overgang i retten til vidaregåande opplæring og rett til vidaregåande opplæring for dei med slik opplæring frå utlandet
- 6a: Høringsnotat om endringer i opplæringsloven(1104305)(1).pdf
- 7: Fyr-rapport frå Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 8: Svar - Statsbudsjettet for 2016 kap. 226 post 21 - Program for bedre gjennomføring - rapportering
- 9: Fagbrev utover første fagbrev
- 9a: Oppfølging av HO-sak 23/15 Strategiar for fag- og yrkesopplærings i Sogn og Fjordane
- 10: Møteplan 2017 Hovudutvalet for opplæring

### **Vedtak:**

Vedteke møte i hovudutvalet for opplæring den 11. mai 2017 vert flytta til 10. mai 2017.

- 11: E-post ad. pelsdyr
- 

## **SAK 2/17      Stimuleringstilskot 2017**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet kr 4.822.000,- for 2017 til lærekandidatar og lærlingar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane til følgjande tiltak:
  - a. Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs
  - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år (lønsmidlar)
  - c. Sommarskule i naturfag

- d. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til læreplass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar eller stort fråvære (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd.)
- e. Oppfylgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging
- f. Yrkesfagleg nettverk
- g. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
- h. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
- i. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
- j. Oppdateringskurs for prøvenemnder
- k. Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
- l. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000 ,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter fylgjande kriterium:
  - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
  - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett
  - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
- m. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-

-----